

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
20/641-4

Dato
25. juni 2020

Svar på høyring – NOU 2019: 23 Ny opplæringslov

Vi viser til brev av 30. januar 2020 om denne saka.

Lovarbeidet berører Kulturdepartementets ansvarsområde. Vi ber om å bli involvert i det vidare arbeidet med eit høyringsnotat om endringar i opplæringslova. Vidare har vi desse innspela:

Overordna innspel

- Regjeringa la våren 2020 fram Prop. 108 L (2019–2020) med framlegg til ei heilskapleg språklov. Lovforslaget er til behandling i Stortinget. Førearbeida til ny opplæringslov bør innehalde ein gjennomgang av relevante paragrafar i språklova. Skulen og språkopplæringa skal sikre elevane språkkompetanse som grunnlag for deltaking i leik og læring i her og no, og for vidare utdanning, arbeidsliv og samfunnsliv. Slik sett kan ein hevde at opplæringslova i *praksis* er den viktigaste språklova for barn og unge. Dette bør reflekterast i førearbeida til opplæringslova og i framlegga til endringar.
- Framlegget til språklov tilfører eit eksplisitt språksikringsperspektiv i norsk rett. Etter § 1 skal offentlege organ bruke, utvikle og styrkje norsk språk og samiske språk, og verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk. Dersom lova blir vedteken vil dette bety at Kunnskapsdepartementet får ansvar for å vurdere om tiltak innanfor språkopplæringa er med på å sikre norsk og dei andre språka som er omfatta av språklova. Å *sikre* eit språk vil i denne samanhengen innebære at offentlege organ legg til rette for at særlege språksamfunn skal kunne bruke og møte sitt eller sine språk.
- Det er positivt at utvalet har utforma lova på nynorsk. Dét er ikkje sjølv sagt ved større lovrevisjonar. Ei oppteljing frå 2012 viste at om lag 15 pst. av lovene er på nynorsk. Kulturdepartementet er uroa for at det er/skal bli færre. Bokmål og nynorsk er likestilte skriftspråk i Noreg, og med den sentrale betydninga lovtekstar har for språk og saksbehandling i forvaltninga, er det viktig at begge språka er godt representerte i

lovverket. Kulturdepartementet oppmodar Kunnskapsdepartementet om å behalde lova som nynorsklov.

- Elevar med nynorsk, samiske språk og norsk teiknspråk som fyrstespråk, blir i liten grad eksponerte for språka sine i storsamfunnet og på fritida. Skulen spelar altså ei heilt avgjerande rolle i språktileigninga, språklæringa og språktilhøyrsla til desse språkbrukarane. Vi viser her også til den overordna delen av læreplanen, fastsett ved kongeleg resolusjon 1. september 2017: «Opplæringen skal sikre at elevene blir trygge språkbrukere, at de utvikler sin språklige identitet, og at de kan bruke språk for å tenke, skape mening, kommunisere og knytte bånd til andre.»

Konkrete innspel

- **Kap. 32.2 Opplæringsspråkene**

Det er konkrete paragrafar i opplæringslova (t.d. § 2-5 Målformer i grunnskolen og § 9-4 Lærebøker og andre læremiddel) som regulerer dei vilkåra som bestemmer kor god skriftspråksopplæring elevane får. Derfor vil Kulturdepartementet peike på kap. 32.2 i NOU-en, der utvalet diskuterer språkskiftet frå bokmål til nynorsk. Det er viktig å understreke at i forskningslitteraturen blir språkskiftet frå nynorsk til bokmål til dels sett i samanheng med at elevane har lært og meistrar det nynorske skriftspråket for dårleg. Ettersom det er opplæringslova som skal sikre skriftspråkkompetansen til også nynorskelevane, ber vi Kunnskapsdepartementet vurdere korleis opplæringslova kan ta nødvendige mindretalsomsyn, slik at ein oppnår likeverdig opplæring mellom bokmålelevar og nynorskelevar.

- **Kap. 15 Forsvarlighetskrav**

Under kap. 15 føreslår utvalet å "lovfeste et krav om at opplæringen og annen virksomhet etter opplæringsloven skal være forsvarlig". Frå eit språkpolitisk perspektiv er dette viktig for å sikre at ulike språklege mindretal får ei forsvarleg opplæring i/på språket sitt.

- **Kap. 32 Opplæringsspråk, skriftspråk, læremidler og digital læringsanalyse, kap. 33 Opplæring i og på de samiske språkene, kap. 34 Opplæring i kvensk, finsk, norsk tegnspråk og punktskrift**

Kulturdepartementet har detaljerte innspel til korleis opplæringslova kan sikre mindretalsomsyn og auke tilgangen til språk for særlege språkgrupper. Vi ber derfor om å bli tekne med i prosessen med å vurdere opplæringslova som språkpolitisk tiltak.

Med helsing

Bjørn Magnus Jakobsen (e.f.)
kontorsjef

Gry Lytjohan
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar